Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

Syn og Segn hft. 4/1991

Englands svigerson på norsk trone

Svein Blindheim

Det er ein samanheng mellom kongevalet i 1905 og hendingane i 1940. Det er naudsynt å sjå tilbake på 1905 i eit slikt perspektiv for den som vil forstå aksjonane mot landet vårt i 1940. Tidsspennet på knapt 35 år er heller ikkje stort i historisk målestokk, og det er historieløyse å hevde at det heile byrja med «det tyske overfallet 9. april», slik lærebøkene gjerne vil ha det vil.

Prins Carl blir kong Håkon

Det som karakteriserte situasjonen sommaren 1905 var dei sterke interessemotsetningane mellom Tyskland og Storbritannia. Statsminister Chr. Michelsen og aksjonistane visste at England ville sjå med velvilje på oppløysinga av unionen mellom Noreg og Sverige, og at Noreg kunne sjå fram til støtte hos den dominerande sjømakta. Alt før 7. juni var dei klare over at om dei valde den danske prins Carl, som var gift med Maud, yngste dottera til den engelske kong Edward 7, kunne dei best skaffe Noreg hjelp. Frå London visste dei òg at Noreg burde bryte unionen og oppnemne ei provisorisk regjering. I Noreg innebar 7. juni-vedtaket oppløysing av unionen og oppnemning av ei uavhengig regjering.

Sverige meinte at unionen framleis stod ved lag. Dei fann det òg mest naturleg å halde seg til landmakta Tyskland.

Dragkampen mellom England og Tyskland om Russland blei vunne av England. Slik kom England i alliance med Russland og Frankrike. Det var denne omgrupperingen mellom stormaktene som gjorde unionsoppløysinga mogeleg. For England galdt det av strategiske grunnar å få fotfeste ved inngangen til Østersjøen og på den vestlege halvdelen av den skandinaviske halvøya, det vil seie i Noreg.

Michelsen og aksjonistane fekk siste stikk, og prins Carl, gjerne kalla «Englands svigerson» blei konge i Noreg under namnet Håkon 7. Med det blei dei tette banda til England så å seie blodsband.

Seinare fann Noreg – som erklært nøytral nasjon (fram til 9. april 1940) – utan motyting sin plass i den engelske blokadestrategien mot Tyskland. I båe verdskrigane leigde vi ut handelsflåten til Storbritannia.

Ein bernadotte eller «Englands svigerson»

Dersom vi hadde fått ein konge av Bernadotte-familien i staden for prins Carl, kunne det ha blitt eit nordisk militærpolitisk samarbeid til vern om nøytraliteten. Stortingspresidenten uttrykte det slik (11. september 1905) før det offisielle kongevalet (men likevel for seint av di valet i røynda var avgjort): «Når unionen er løyst, må Noreg søkje eit fellesskap mellom dei nordiske landa til vern av fridomen og sjøvstendet deira, nemleg eit nøytralitetsforbund.» Men dette var umogeleg no, så tett vi hadde vorte bundne til England.

Hadde vi fått ein bernadotte, og med det sjanse for eit nordisk nøytralitetsforbund, ville stormaktene neppe starta kappløpet mot Noreg i 1940. Men Michelsen og aktivistane hadde hastverk, dei «hoppa ut av vindauga i staden for å gå ned trappa.»

Englands svigerson med kone og barn. (Postkort frå 1905)

I pose og sekk

Michelsen og aktivistane trudde dei kunne få både i pose og sekk. Dei ville ha «Englands svigerson» til konge, og samstundes stå nøytralt og fritt i høve til stormaktene. Noko slikt var ikkje mogeleg. Som forretningsmenn såg dei knapt dei lange linene, men handla opportunistisk når høvet baud seg. Det einaste alternativet som stod att var å søkje vern hos England mot farane som drog seg opp på grunn av delinga mellom to maktblokkar. Men England sa nei til å garantere for norsk nøytralitet i tilfelle ein storkrig. Garantitraktaten Noreg fekk i 1907 (som vi ikkje ein gong fekk vere med på å forhandle fram) var berre noko England kalla ein integritetsgaranti. England la vekt på å kunne bruke norske kystområde. Det var grunnen til at England ikkje ville garantere norsk nøytralitet.

Noreg skuva ut i Nordsjøen

Fasiten var at det nye Noreg i 1905 vart løyst frå sin naturlege strategiske samanheng og skuva ut i Nordsjøen, eit engelsk innlandshav. I ein storkrig kunne grensa mellom England og Tyskland kome til å gå langs Kjølen. I båe verdskrigane vende vi ryggen mot aust, og såg vestover mot havet. Valet av prins Carl var Englands kornblokade i 1813–14 med omvendt forteikn. I 1813 var det for å tvinge Noreg inn under Sverige, i 1905 for å skilje oss frå kvarandre.

Hendingane kring unionsoppløysinga i 1905 fastla Noregs offisielle utanrikspolitiske kurs resten av hundreåret. Det som kjenneteikna den internasjonale situasjonen då vi valde prins Carl til konge var den sterke motsetninga mellom England og Tyskland. Tyskland ønskte Norden som ei samla gruppe, medan England ønskte ei skandinavisk halvøy delt langs Kjølen. I ramma av denne splitt-og-hersk-politikken må vi sjå kongevalet i 1905.

Svein Blindheim (fødd 1916) er tidlegare major og lektor, bur i Bærum; skreiv artikkelen «Noreg 1940 – eit revisjonistisk syn» i 4/1989 og «Ein politisk dom» i 2/1990.

Syn og Segn hft. 4/1991.

D. 25-4-91

10106 3